



Temahefte Innmarksbeite til sau



**Norsk
Landbruksrådgiving**



Nortura
bondens selskap



Ei søye med tre lam kan produsere 750-1000 g lammetilvekst pr dag på godt vårbeite (foto: Finn Avdem, Nortura)

(Foto forsida: Dag-Arne Eide, Norsk Landbruksrådgiving)

Økonomi ved godt beitebruk


Godt beitebruk gjev mange fordelar både for sauene og bonden. Ingenting kan måle seg med forkvaliteten på ungt beitegras. Det er lett-melteleg og inneholder mykje protein. Ein kan difor oppnå høg produksjon med lite bruk av kraftfôr. Trillingsøyar på godt vårbeite kan godt produsere 750-1000 g lammetilvekst utan tilskot av kraftfôr. Dette tilsvrar eit grovfôropptak på 3-4 FEm pr dag. Kostnaden ved å produsere 1 FEm med beite er også lågare enn når ein må hauste og konservere graset. Går ein ut ifrå tal frå Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk forskning (NILF 2006) er dei variable kostnadene ved å produsere 1 FEm på beite under halvparten av å produsere 1 FEm med rundballesurfôr. I tillegg vil dyr på beite ha betre dyrevelferd og helse enn dyr som står inne. Godt beitebruk er difor bra både for sauene og økonomien til bonden!

Etablering av eit nytt beite Grasbeite

Til beite av ei viss varighet må ein sjå etter artar blant gras og belgvekstar som både gjev stort fôropptak og som tåler intensiv hausting. Dei må kunne spreie seg og tolde avbeiting utan at vekspunktet blir fjerna. Grasartane må også tolde dyretrakk og gje god avling under vekslande veksttilhøve. Val av beitemåte har også ein viss innverknad på kva for artar eller artsblandingar ein vel. Dei ferdige beitefrøblandingane som er i handelen inneholder oftast fleire sortar av dei ulike artane. Dette er ein fordel med tanke på å sikre god tilvekst gjennom heile sesongen og god overvintringsevne.

Planteart	Mengde, %	Funksjon i beitet
Timotei	35-45	Etablerer seg raskt og gir stor avling tidleg i beiteperioden
Engsvingel	25-35	Bra avlingspotensiale. Den vil ta over etter kvart som timoteien går ut
Engrapp	15-20	Sein etablering men kjem meir og meir i beiteperioden. Gunstig for langvarige beite
Kvitkløver	Ca. 10	Gir smakleg fôr og tett bestand

Tabell 1: Forslag til ei beitefrøblanding utanfor raigras-områda:



Figuren viser aktuelle beiteplanter

Der fleirårig raigras er nokonlunde sikkert, kan det inngå med ca 15 % i blandinga. Langs sør- og vestlandskysten kan reine raigrasblandingar vere aktuelt å bruke. Ved moderat/svak gjødsling og godt beitetrykk, kan kvitkløver med fordel bli teke med i raigrasblandinga. Raisvingel kan vera aktuell i område der raigras er noko usikkert, men sortane i marknaden har for tida ikkje den beste beitekvaliteten.

Attlegg til beite

Ved attlegg til beite er det ekstra viktig å gjere godt arbeid, dels fordi vi gjerne ynskjer litt varighet på beitet og fordi dei viktige beiteartane har svært smått frø. Før eller seinast ved attlegg, må to operasjonar vere unnagjort:

1. Kalking: Ved pløying kan vi bruke større kalkmengder enn ved overflatekalking og vi får blanda kalk i et større jordvolum, slik at større deler av rotmassen får høgare pH. Fleire av dei verdifulle artane stiller relativt høge krav til god pH.

2. Ugraskamp: Pløying er i seg sjølv eit viktig tiltak mot ugras. Ugrasharving er ikkje mogleg samstundes med etablering av et godt attlegg. Vi kan bruke betre og rimelegare kjemiske ugrasmiddel i open åker enn i eng og beite, og ein har sjeldan problem med behandlingsfristar. Eit år med raigras før ein sår attlegget tyner også ugraset.

For å redusere evt problem med frøugras, bør husdyrgjødsla bli pløgd ned. Med harving vil mykje frøugras bli liggjande i gunstig spredjupne. Rask nedpløying tek også betre vare på lettøyseleg nitrogen.

Det er viktig å få et godt og jamt såbed med minst mogleg jordarbeiding. Jo meir vi harvar, jo tørrare blir jorda i toppen og jo dårligare blir spiretilhøva. Eit jamt såbed gjev både jamnare spiring og mindre risiko for å dra inn jord i føret ved hausting.

Engfrø skal såast maks 1 cm djupt, og ein må difor tromle før såing når vi bruker såmaskin med labbar eller skåler. Engfrø kan breisåast (med fingerharving etterpå), men da bør vi auke såmengda for å sikre at tilstrekkeleg mengde frø får gode spiretilhøve. Det skal tromlast etter såing, både for å sikre spireråde og jamn jordoverflate.

Knip aldri på såmengda til beite (+25-50 % av vanleg såmengde til slåtteeng). Mange aktuelle beitegrasartar har smått frø, og konkurrerer dårlig med høgvaksne slåteartar.

Første engår

Om mogleg bør vi unngå beiting første engår for å få etablert plantekaket og eit godt rotssystem. Eventuelt kan 1. slått bli hausta maskinelt og beiting starte etterpå. Om ein må drive ugraskamp, kan det også bli gjort dette året. (Somme artar kan gjere lite av seg det første engåret, men kjem sterkare etter kvart. Engrapp er eit slikt døme.)

Grønförbeite

Alle som har beitande produksjonsdyr bør ha grønförvekstar i beitesystemet, fordi:

- Det er ein ny smak – aukar fôropptaket
- Det er ein plass å utnytte mykje husdyrgjødsel
- Ein skånar enga om hausten – i ein periode da tilveksten har stoppa opp
- Det blir større produksjon av beite utover hausten

Med tanke på beite, er dei mest aktuelle vekstane "eittårig" raigras og förraps. Raigras gjev størst produksjon utover hausten og tyner ugraset best. Både raigras og förraps er særsmakeleg, men dyra bør ha tilgang på anna beite i tillegg for å regulere vommna.

Eittårig raigras

Vi har to artar av det vi ofte kallar "eittårig" raigras: westerwoldsk og italiensk. Westerwoldsk er ekte eittårig, og tapar seg raskt i kvalitet dersom det skyt. Ein stor del av plantene vil kome i skyting om lag to

månader etter såing og westerwoldsk raigras eignar seg difor betre til ensilering enn til beiting. Italiensk raigras er eigentleg 2-årig og kan overvinstre ved milde vintrar. Hjå oss blir italiensk raigras ofta brukta som eittårig vekst og er eit ypparleg beitegras med god vekstevne også utover hausten. Fleire forsøk har synt høgt fôropptak og betra tilvekst på haustbeite ved bruk av italiensk raigras. Sårl vi sortar eller artar av raigras som set strå i såingsåret, må vi rekne med avpussing om vi ikkje held beitetrykket oppe.

Förraps

Vi har to hovudtypar förraps: til beite eller til silofôr. Praksis viser at sau beiter silofôrtypen like godt, men beitetypen har litt betre evne til gjenvekst når han blir beita tidleg i utviklinga. Beitetypen er meir bladrik og har kortare tid til full avling, medan avlingspotensialet er størst hjå silofôrtypen. Ved kort vekstsesceng, feks. sådd etter 1. slått på ompløgd eng, er beitesort mest aktuelt, medan der vi har 3 månader fra såing til beiting gjev silofôrtypen størst avling.

Gjødsling og såing av grønförbeite

Grønförvekstane har lang vekstsesceng og utnyttar husdyrgjødsela særskilt godt. Vi bør likevel halde noko att på mengdene, da vi fort kan få ubalanse i mineralinnhaldet (spesielt kaliumoverskot i raigras) som kan føre til helseproblem hjå dyra. Store husdyrgjødselsmengder fører også til større usikkerheit om fôrkvaliteten gjennom sesongen.

Raigras har stort, robust frø med stor spirekraft, og er den mest tolerante av förvekstane med tanke på såbed. Vi vil likevel raskt sjå det feks. ved ujamn spireråme. Sårl vi kløver saman med raigras, må vi ha sådjupne som engfrø. Dei korsblomstra vekstane har også mindre frø enn raigras og må bli sådd som engfrøet. Dei krev også høgare pH og passande spireråme.



Gjenvekst av italiensk raigras (foto: Finn Avdem, Nortura)



Flotte haustbeite med vanleg håbeite til høgre og italiensk raigras til venstre (foto: Finn Avdem, Nortura)



Livet på vårbeite er herleg! (Foto Marit Henjum Halsnes, Norsk Landbruksrådgiving)

Grønförvekstane svarer godt på nitrogengjødsling, men kan vere utsett for nitratoppoping. Dyra føretrekk også moderat framfor sterkt gjødsla beite. Særleg når dyra skal beite raigras over lang tid, må vi halde nitrogenmengdene nede, gjerne på same nivå som til fleirårige beite.

Frå skog til beite

Skogeigar er forplikta til å foryngja avverka areal innan tre år etter hogst. Denne plikta fell bort når skogeigar har tatt i bruk arealet til innmarksbeite. Omdisponering frå skogareal til innmarksbeite kan gjerast utan søknad, men beitebruken må vera reell. Kommunen skal godkjenna om arealet tilfredsstiller krava til innmarksbeite. 50% av arealet skal vera dekka av grasartar og beitetålande urter og beitet skal ha eit tydeleg kulturpreg. Arealet skal vera rydda for skog og hogstavfall, men det kan stå att mindre treklynger og einskildtre. Det er viktig at ein grundig vurderer om skogområdet er eigna til innmarksbeite. Bruk gjerne ein rådgjevar frå NLR til dette. Som oftast er skog med høg bonitet også best til innmarksbeite. Tilgang til naturleg drikkevatn er viktig. Etter ein flatehogst må ein som regel etablere nytt plantededekke da det gamle vert slite bort i samband med hogginga. Da bør ein rydde arealet for røter, jamne jorda etter behov (ta godt vare på moldjorda) og anlegge driftsvegar slik at ein kan stelle arealet godt i ettertid. Så bør ein kalke etter behov, få på husdyrgjøsel og så ei beitetolande frøblanding. Lukkast ein, kan arealet drivast om lag som fuldryrka beite. I samband med gradvis auka sauetal og meir behov for beiteareal, er det lurt å auke arealet bit for bit. Dette gjer du enklast med flyttbare gjerde og flekksåing og gjødsling etter kvart som du høgg større tre og dyra sjølv trakkar ned og beiter kjerr og ugras. Ryddar du større areal enn dyra treng, gror det berre att på nyt.

Bruk av beite til sau

Korleis bør ein prioritere beitet?

Søyre med lam om våren, og slaktelam på intensiv sluttföring om hausten, stiller høgast krav til beitekvalitet fordi dei har høgast førkrav i høve til kapasiteten til å ta opp før. Påsettlamma bør også ha bra beitekvalitet, men dei skal ikkje vekse så raskt som intensivt fôra slaktelam. Søyre utan lam om hausten stiller låge krav til

beitekvalitet fordi förbehovet er lite i høve til kapasitet til å ta opp beitegras. Dei egnar seg difor ypparleg til pussing av kulturbete og andre beite, feks når lamma på sluttföring har teke det beste beitet.

Arealkrav per søye med lam på vårbeite

Ei søye med lam kan greie å ta opp minst 3 kg tørrstoff pr dag dersom beitetilgangen er god. For at søya skal klare dette, bør ho alltid ha tilgang på 5-8 cm høgt beitegras. Kor stort areal som skal til for å oppnå dette, varierer med beitekvalitet, årstid og gjødsling. Er beitet fuldryrka og gjødsla ved vekststart om våren, er behovet ca 0,7 dekar per søye og lam. Beitet må da produsere mellom 4 og 5 kg tørrstoff /daa/dag. Dersom ein del av vårbeitet er udryrka eller kulturbete, bør arealet per søye oppjusterast.

Arealkrav per søye med lam på heimebeite gjennom sommaren

Produksjonen på eit heimebeite gjennom sommaren vil variere mykje. Ved eit dagleg tørrstoff behov på 3-3,5 kg per søye med lam, vil arealbehovet i gjennomsnitt vera 1 dekar per søye. Tidleg på sommaren, med høg beitetilvekst, vil det kanskje vere nok med 0,7 dekar per søye medan ein utover seinsommaren treng i overkant av 1,0 dekar pr søye med lam.

Arealkrav per lam på sluttföring om seinsommaren og hausten

Om hausten vil tilveksten på beitet gå ned, og meltegraden av beitegrøda er også lågare enn om våren. Arealbehovet per lam avheng meir av kor mykje gras det er på arealet i utgangspunktet. På eit haustbeite med ca 10 cm høgt håbeite, kan ein i utgangspunktet rekne at det er ca 100 kg beitetørrstoff/daa. Eit lam på eit godt håbeite vil ta opp ca 1-1,5 kg beitetørrstoff per dag. Dersom ein reknar ca 0,4 dekar haustbeite per lam, vil denne beitemengda vere i ca 1 månad. Dersom ein gjødslar håbeitet, og hausten er fin med høg temperatur, vil det bli ein del tilvekst også om hausten. Er tilveksten 1,5 kg TS/daa/dag, vil det same arealet vere dobbelt så lenge. Har ein sådd raigras, vil tilveksten på beite halde seg mykje lengre utover hausten.

Beiteskifte for å redusere smittepress av parasittar/sambeiting med andre dyreslag

Sauen er utsett for åtak av innvortes parasittar. Dei mest vanlege parasittane er koksidiar og rundormar. Felles for desse parasittane er at dei ikkje overlever dersom beitet er fritt for sau ein beitesong. Dei fleste parasittane er også arts-spesifikke, dvs at parasittar hjå sau ikkje smittar storfe eller hest og omvendt. Smittepresset blir difor minst dersom for eksempel storfe kan beite eitt år og sauken det neste. Dersom dette ikkje er mogleg, vil sambeiting likevel vere ein fordel fordi det blir mindre tettleik av dyr av same art og dermed vert smittepresset mindre. Sambeiting gjev også betre utnytting av beita og høgare tilvekst på dyra fordi dei ulike dyreartane har ulik smak når det gjeld beiteplantane og det såleis blir mindre vraking.

Ei anna form for "sambeiting" som er svært aktuell i Noreg, er beiting vår og haust med sau, og med storfe i sommarmånadene. Dersom beitearealet også kan haustast maskinelt, vil ein få det beste resultatet ved å byte på å bruke areala til innhausta grovfôr eit år, og sambeiting mellom ulike dyreslag det neste året. Uansett bør ikkje det siste beitet du brukte om hausten vera det fyrste du bruker om våren.

Overgangsfôring


Overgangen frå innefôring på grovfôr og kraftfôr til ferskt vårbeite er stor for soya. Kraftfôret inneheld mykje stive og både fiber og protein-kvaliteten er svært ulik i ein kraftfôr/grovfôr-rasjon og ein rasjon av ferskt beitegras. Vomfloraen må difor få tid til å omstille seg til beite, elles vil mjølkproduksjonen lett få ein knekk nårøyene blir sleppte på vårbeite. Etter beiteslepp bør diforøyene få ei gradvis nedtrapping på kraftfôret i ei vekes tid. Har ein i tillegg mogelegheit for å gjeøyene avgrensning tilgang på vårbeite saman med høy eller surfôr den fyrste veka etter beiteslepp, så vil ein oppnå god overgangsfôring. Ein må da passe på at det ikkje blir varmgang og mugg i surfôr som står ute.

Tilleggsfôring på beite

Det bør vere eit mål at dei fleste lamma, same kva burd dei har, oppnår ein tilvekst på minst 300 g/dag frå fødsel til slepping i utmark. Undersøkingar syner at 100 g betre vårtilekst per dag gjev omlag 4 kg høgare haustvekt. Det er ei utfordring å få trillingsøya til å ta opp nok beite til at ho greier å produsere denne tilveksten på lamma. Det er difor aktuelt å støtteføre trillinglam med kraftfôr på vårbeite. Støttefôring med kraftfôr betyr at ein berre gjev kraftfôr til lamma, ikkje tiløyene. Dette kan ein gjere ved å venne lamma på kraftfôr alt i lammegøymet inne. På vårbeite kan støttefôringa gå føre seg frå kraftfôr-automat eller på eit areal der berre lamma får tilgang (kryp-fôring).



Støttefôring av lam på sommarbeite. Dei same grindene kan brukast ved krypbeiting. (foto: Finn Avdem, Nortura)



Livssyklus for innvortes parasitter. Parasittane er avhengige av sauken for å overleve. (figur: Helsetjenesten for sau, Animalia)



Sambeiting med storfe og sau reduserer smittepresset av innvortes parasittar og beitet blir betre utnytta. (foto: Finn Avdem, Nortura)




Her er det behov for tilleggsfôring! (foto: Finn Avdem, Nortura)

Ei anna form for tilleggsfôring på lam, er krypbeiting. Krypbeiting vil seie at lamma får tilgang på nytt beite førøyene. Dette er aktuelt ved skiftebeiting med sau gjennom sommaren der skifta ligg ved sidan av kvarandre. Ei periode før avvenning har lamma behov for betre beite ennøyene. I staden for å gje lamma støttefôring med kraftfôr, kan lamma få tilgang på det neste beiteskiftet gjennom ei grind med opning som berre lamma kan løpe igjennom. Når lamma har teke det beste beitegraset, kanøyene komme etter og pusse beitet. Lamma blir også utsett for mindre parasittsmitte med eit slik beite-system.


For å vurdere om beitetilgangen er god nok, kan ein vurdere høgda på beitegraset. Tilsatt høgde på beitegras til sau er 5-10 cm. Blir store delar av beitet under 5 cm, bør ein vurdere tilleggsfôring. Dette gjeld særleg produktive dyr som mjølkande soyer om våren og lam på sluttfôring om hausten.

Det er best for beitedyra å gje dei tilgang til eit utmarksareal med variert vegetasjon tillegg til innmarksbeitet. Dei har behov for visse mineral og strukturfôr som dei finn ved å beite på busker, tre og urter, og i tillegg finn dei skugge og ly. Vi ser difor at sauken trekker inn på slike områder i løpet av dagen dersom dei har tilgang på det.


A. Kontinuerlig beite



B. Stripebeite med bakgjerde



C. Skiftebeite



System for beiting (Kval-Engstad 2009)

Beitesystem

Val av beitesystem må du gjøre utifrå forholda på garden og dine eigne ynskje og moglegheter. Fleire metodar kan gje jamgoda resultat, så det viktige er å finne eit opplegg som høver deg og garden din. Viktige omsyn ved val av beitesystem er:

- Dyretal
- Storleik og kvalitet på beitearealet
- Kor beitearealet ligg – avstand til tun/driftsbygning
- Tid for lamming
- Opplegg for anna føring/tilleggsføring
- Krav/ynskje til arbeidsbehov, investeringar m.m.

Vi har to hovudformer av beitesystem: kontinuerleg beiting og skiftebeite-/stripebeiting.

Kontinuerleg beite

Dyra beiter på det same arealet heile tida, og graset får såleis inga kviletid. Ved kontinuerleg beitedrift skal beitehøgda haldast noko lågare enn ved skiftebeiting. Vi får gjerne eit godt beite på forsomaren, men etter ein til to månader lyt ein ofte inn med tiltak i føringa om ein ynskjer høg produksjon på dyra. For å halde oppe kvaliteten og førtiggangen, er det heilt avgjerande å regulere talet på dyr etter tilveksten på beitegrøda. I praksis betyr det mange dyr på beitearealet frå våren og færre utover i sesongen, dvs at ein set inn ekstra areal eller gjev tilleggsfør. Metoden er særleg aktuell på

areal der det er vanskeleg/tungvint med skiftebeiting og på permanente beite. Han gjev lite arbeid med gjerding og gjev dyra ro, men er enklast å nytte til dyr med relativt lågt førbehov og moderate krav til beitekvalitet. Det set store krav til oppfølging med tilpassing av dyretal, gjødsling og pussing dersom avkastinga skal bli god. Har ein for lite dyr, vil beitet på sikt gro att med busker og kratt, medan for høgt beitetrykk slit på plantelekket og gjev innpass til ugras. På den andre sida; om ein lykkast, får ein god busking og ein tett og jamm grassvor som toler trakk og beiting godt.

Skiftebeiting

Ved skiftebeiting vert heile beitearealet delt inn i fleire mindre skifte. Mange skifte gjev stuttare tid på kvart skifte og jamnare kvalitet på beitet. Med denne beitemåten får graset kvile og tid til å vekse opp mellom kvar avbeiting, og kan difor vare lengre samanlikna med kontinuerleg beiting. Arealutnyttinga er oftast betre ved skiftebeiting enn ved kontinuerleg beiting, og vert derfor føretrekt på fulldyrka beite. Skiftebeiting krev meir arbeid og investering for å sikre dyra tilgang på vatn, og metoden krev meir gjerding enn kontinuerleg beiting. Den viktigaste fordelen med denne metoden er at det er lettare å styre beitinga i høve til grasveksten samanlikna med kontinuerleg beiting. At kulturvekstane blir litt større, kan dessutan vere ei føremoen i ugraskampen.

Helst bør ein ha mange skifte, med kort beitetid og god kviletid på kvart skifte. For kort kviletid gjev därlegare tilvekst og produksjon sesongen sett under eitt. Det er tilrådd 6-7 skifte allereie om våren, noko som kan synast arbeidsamt for ein kort beiteperiode. Er dette vanskeleg å få til i praksis, bør ein likevel ha 3-4 skifte og la dyra beite 4-6 dagar på kvart skifte. Det vil da gå to-tre veker før dyra har vore innom alle skifta. I løpet av denne "kviletida" vil graset på det første skiftet ha vakse seg høveleg langt til å bli beita på nytt. På den første beiterunden om våren kan ein med fordel knappe ned beitetida på kvart skifte litt, ettersom grasveksten på denne tida ofte er eksplosiv.

Utover sommaren vert grasveksten mindre, og tida mellom kvar avbeiting på same skifte må derfor aukast til minst tre veker, på ettersommaren gjerne fire. Dermed lyt ein auke arealet ved å ta inn fleire skifte, t.d. delar av engarealet som vart brukt til fyrsteslått. På fulldyrka eng må ein rekne at arealbehovet er halvannan til to gongar så stort på ettersommaren/hausten som om våren. På kulturbete er skilnaden enda større.

Ved skiftebeiting bør ikkje grashøgda vere meir enn ca 5 cm når ein startar beitinga om våren. Frå andre beiterunde og utetter kan graset vere om lag 10 cm når dyra vert sleppt inn på nytt skifte. Dyra må flyttast vidare når graset er beita ned til ca 5 cm.

Grønförbeite (raigras) er godt eigna til skiftebeiting, og her kan grasveksten halde seg lengre utover hausten. Har ein både kulturbete og dyrka beite i skifta, bør ein starte (og det tidleg) på kulturbetet slik at graset ikkje vert for høgt. Som regel er dette godt beitetolandet mark og ein har ofte vanskelegare for å komme til med maskinell pussing. Ved overskot av gras, kan ein del av dei dyrka arealet settast av til slått.

Stripebeiting

Dette er ei ekstrem form for skiftebeiting der dyra får tilgang på nytt beite minst ein gong for dagen. Dette kan gi høg utnytting av beitearealet. Det er ein fordel å dele opp arealet i nokre få større skifte med tilnærma faste gjerde, og så flytte trådgjerde framføre og bak dyra. Det blir stuttare gjerdelengder å flytte, enklare å få stelt beitet rett med gjødsling og pussing, og det avbera arealet får den kvila det skal ha. Metoden er mest aktuell der ein lyt utnytte arealet maksimalt, og aller helst i samband med sluttföring, ikkje minst på grønförbeite. På raigras-/ rapsbeite kan det vere naudsyst å styre og regulere tilgangen til dette kraftige føret. Då er stripebeiting den beste metoden. Stripebeiting høver og betre enn andre metodar



Pussing av beite er viktig for å halde oppe kvaliteten.
(foto: Oddbjørn Kval Engstad, Norsk Landbruksrådgiving)



For lite beitetrykk om våren fører til oppvekst av gammalt gras som bør pussast bort.
(foto: Astrid Sandvik, Forsøksringen Sogn og Fjordane)



Moldebakkane i Lærdal, eit fint rydda beite.
(foto: Magnhild Aspevik, Norsk Landbruksrådgiving)

om ein lyt beite noko langt gras. I slike i høve er det viktig å gi rett mengde/høveleg areal slik at dyra får nok fôr utan at det vert mykje nedtrakking.

Slått og beiting

Alle beitemetodane kan kombinerast med slått på dyrka mark. I praksis er det direkte naudsynt å gjera, sidan ein treng større beiteareal om hausten enn om våren. Når det gjeld sau, er dette mest vanleg pga at sauene er på utmarksbeite om sommaren. Her er to viktige moment ein lyt hugse på:

1. Slepp dyra til ganske tett etter slåtten, slik at plantene vert beiteprega. Ein kan rekne om lag fire veker til gjenvekst etter slått for å få høveleg håbeite.
2. Juster gjødslinga ned til beitenivå

Stell av beite

Gjødsling

Målet med gjødslinga er å syte for høveleg formengde og kvalitet til rett tid. Sidan beite vert hausta langt oftare enn slåttemark, må gjødslinga vera ulik. På beite legg og dýra att eiga gjødsel, så dei som ikkje bruker husdyrgjødsel på enga lyt og gjere skilnad på gjødseltype.

Generelt er det best å gjødsle lite og ofte. Det gjev jamnast tilvekst og kvalitet på beitet. 3-5 kg N/daa ein gong i månaden eller etter arbeiting, avhengig av kløvermengd og avlingspotensiale, er høveleg. Veksten har ikkje behov for meir før det bør vere arbeitt. På beite med fleirårige artar kan ein gjødsle til maks to arbeitingar etter at månaden med vårbete er unnagjort. Veksten er då ikkje like intens og problema med overvakse beite mindre enn på våren. Dette føreset at ein greier å halde graset nede på beitestadiet i vårbiteperioden! Til grønförbeite vil vi ikkje tilrå gjødsling for fleire arbeitingar om gongen, då faren for nitratophoping er størst i raps og raigras.



Rydda kulturbete, tistel og knappsvi bør sprøytaast.
(foto: Astrid Sandvik, Norsk Landbruksrådgiving)

Det er viktig å gjødsle så tidleg som råd om våren på det beitet ein skal bruke først. Sjølv om ein gjødslar forsiktig, kan det ofte bli overvakse beite om ein gjødslar heile vårbetet samstundes. Ved å utsetje gjødslinga på noko av arealet, vil ein få jamnare tilgang på godt vårbete. I blandingar med fleirårig raigras og kvitkløver vil dessutan kløveren gjere lite av seg dersom ein gjødslar for sterkt.

Protein i føret er viktig for god tilvekst på haustbeite, så det løner seg både for tilveksten på beitet og hjå dyra å gjødsle håbeite. Areal som skal overleve til neste år, må ikkje gjødsla for seint på sommaren da dette vil tære på næringsreservane til graset. Generelt held det og med rein N-gjødsel til den siste gjødslinga. Italiensk raigras veks godt utover hausten, og ein kan difor gjødsle 2-3 veker seinare enn til fleirårige vekstar, ikkje minst av omsyn til kvaliteten. Til den siste gjødslinga er det berre snakk om 2-3 kg N/daa.

Husdyrgjødsel på beite

Ein del har behov for å spreie husdyrgjødsel på beite. For å lykkast med dette, må det gå lengst mogleg tid mellom spreien og beiting, og ein bør handsame og spreie gjødsla slik at det vert lite gjødselrestar på plantene. Små mengder og vasstynna gjødsel, eller vatning rett etter gjødsling, er dei sikraste tiltaka. Er det aktuelt å hauste arealet maskinelt, er det gjerne betre og sikrare å nytte husdyrgjødsel før slått enn før beitebruk. Ein må vere merksam på fare for smitte av t.d. snyltarar, og unge dyr bør haldast borte frå beite der det er nytta husdyrgjødsel. Husdyrgjødsel frå andre dyrearter er mindre problematisk når det gjeld innvortes parasitar.

Kalking

Kulturplantene trivst best når pH er rundt 6, då er tilgangen på næringsemna på det beste. Ved å syte for gunstig pH, legg vi tilhøva til rette for god vekst på kulturplantene og dermed eit meir smakeleg beite og større avling. Livet i jorda vert stimulert og plantene gjer seg betre nytte av gjødsla vi brukar. Kalking er såleis og eit tiltak for å

halde nede ugras og ymse planter dyra ikkje vil ete. Ulik jord har ulik evne til å buffre pH, så vi kan sjå ulik pH-endring på t.d. skarp sandjord og moldrik leirhaldig morene. Ein lyt difor tilpasse kalkmengda etter jorda for å unngå både for høge og for låge verdiar. Jordprøver er viktig både for å gjødsle og kalke rett.

Fornying av beite utan gjenlegg

Om beitet er dominert av uønska grasartar og mykje ugras, bør det fornyast. Der ein ikkje kan nytte plog og harv, kan ein prøve direktesåing i beitet. For at grasfrøet skal spire, må det få jordkontakt. Ein kan så heile vekstsesongen, men tilslaget vil variere etter kor god råme-/spireforhold dei sådde grasartane får og konkurransen frå gras og ugras. Ved gode spireforhold kan breisåing gje godt resultat. Det er best å ha husdyrgjødsel på arealet og tromle etter såing dersom det er mogleg. Beiting med sau kan vere positivt for at frøet kan bli trakka ned i bakken, noko som gjev god jordkontakt samstundes som konkurrerande gras og urter vert haldne i sjakk. Brakking av beite før såing vil gje dei sådde artane gode vilkår, men samstundes vil beitet få ein meir einsidig botanisk samansettning. Dei sådde artane er ikkje alltid godt tilpassa lokale forhold og beiting. Dei går difor gjerne ut, og ein får låg avling og ny oppblomstring av ugras. Artar som etablerer seg raskt, vil klare seg best ved direktesåing. Raigras og raudkløver er døme på slike artar. Kløver i beite er særskilt viktig om ein vil spare kostnader til gjødsel og då gje betre avling og tilvekst på dyra. Kløveren taper i konkurransen med grasartane ved gjødsling med mineralgjødsel og lettøyseleg nitrogen.

Pussing og vatning

Beitearealet bør pussast jamleg ved hjelp av beitepussar. Ein får da fjerna vegetasjon som dyra har vraka, og tilvekst av beiteplantene blir meir jamn. Ein får også spreidd utover gjødselruker som ligg i beitet. I område med lite nedbør kan det vera til stor nytte å vatna beitet, særleg etter ei avbeiting og gjødsling.

Nedkjemping av ugras på beite

Ugrasfloraen varierer i det langstrekte landet vårt, og mangfaldet varierer også utifrå heilt lokale forhold. Det vil alltid vere skilnad i ugrasfloraen mellom fulldyrka areal, areal som berre er rydda i overflata eller tradisjonelle innmarksbeite.

Dominerande problemugras er artar av høymole, kryp- og engsoleie og sølvbunke. I tillegg har lyssiv, til dels knappsvig og myr- og veggistiel blitt meir vanleg dei siste åra. Dei to sistnemnde vert vraka av alle beitedyr og får dermed gode forhold til å vekse og formeire seg. Engsoleie er giftig for storfe og vert stort sett vraka av desse. Planta vert eten av sau som toler planta, og derfor ser me lite engsoleie i sauebeite. Sauer et sølvbunke når graset er ungt, og derfor ser me lite av også den i reine sauebeite.

Løvetann er godt! (Foto Marit Henjum Halsnes, Norsk Landbruksrådgiving)

I ein del område kan brennesle, hundekjeks, mjødurt og storborre også dominera, mest der beita er i gjengroing. Den giftige planta landøya aukar utbreiinga si, medan dikesvineblom, som også er giftig, er eit problem i visse område. Landøya er giftig både i fersk og tørka tilstand for storfe og hest, men ho er ikkje giftig for sau. I spesielt våte og hardt beita område kan vassarve og kjeldeurt danna matter der dei dominerer nærmast totalt. Forutan det som her er nemnt, er ugras i beite eit tilbakevendande problem som krev tiltak med ujamne mellomrom. Du finn meir informasjon om biologien til dei omtala ugrasartene og tiltaka mot dei hos Norsk Landbruksrådgiving

Tilskot til vedlikehald av beite

På beite som ikkje har vore brukt på nokre år, eller det har vore for få dyr og inga maskinell/manuell pussing, vil skog og kratt etter kvart ta over. For å auke beiteverdien av arealet att, må ein difor rydde beitet. Til dette arbeidet kan ein søkje kommunen om SMIL-midlar. Midlar kan ein også få til inngerding av beiteareal (for å få hardare beiting på området som skal eller har vorte rydda). Når lys slepp til marka, vil grasartane som veks der få høve til å overta plassen etter tre og busker. Kontakt den aktuelle kommunen om kva mogelegeheter som finst her.

Avslutning

Godt beite er det rimelegaste og beste grovføret ein kan gje sauene. I tillegg får dyra mosjon og høve til naturleg åtferd. Beitande storfe og sau er også viktig for kulturlandskapet og god reklame for norsk husdyrhald. Vi håpar dette temaheftet har gjeve deg idear til bedre beitedrift slik at enda større del av føret til dei grovføretande husdyra våre kan haustast i form av beite.

Dei sju viktigaste punkta for eit godt beite:

3. Sørg for eit godt plantedekke, med godt attleggsarbeid og rette sortar av beitetolande artar.
4. Gjødsle lite/moderat og "ofte". Det gjev jamnare plantevekst og fôrkvalitet.
5. Unngå snaubeting – del opp beitet og flytt dyra så plantene får kvile. Ha og tilleggsfôr klart. Dyra bør flyttast v. 4-5 cm grashøgde.
6. Puss beita jamleg, minst etter kvar andre avbeiting.
7. Bruk grønfôr til ettersommar- og haustbeite. Det gjev meir beite, betre dyretilvekst og skårar enga, som ikkje skal beitast i innvintringsperioden.
8. Sett rett dyr på rett beitekvalitet om hausten.
9. Godt kløverbeite eller litt nitrogengjødsel kan vere "gull verdt" for betra dyretilvekst på haustbeite.

